

Høgre og Venstre nominerer samme dag**12.01.2011**

Måndag 24. januar blir ein viktig dag for 2 politiske parti i Kvinnherad som førebur seg til valet til hausten.
Både Høgre og Venstre skal ha kombinerte årsmøter og nominasjonsmøter og begge skal halda dei i Uskedalen.

Høgre held sitt møte i Gamleskulen og Venstre på AFA.
Under Venstreårsmøtet skal Tor Vidar Sæle orientera om verksemda som han leiar.

Nominasjonsnemnda til Venstre har ikkje førebels gått ut med forslaget sitt, men det har Høgre. Kven som vil toppa Venstrelista er difor uvisst, medan Leif Sverre Enes er Høgres listetopp og erklærte ordførarkandidat. Medan Venstre får eit stort fråfall av noverande representantar i kommunestyret, stiller Høgrerepresentantane opp att.

Både Venstre og Høgre har ein uskedeling som leiar -Kristian Olav Bringedal og Gunn Mari Moberg. Bringedal held truleg fram som leiar medan Moberg har varsla at ho vil trekkja seg. Men ho er innstilt på andre plassen på lista av nominasjonsnemnda. Bringedal har også sagt ja til å stå på si partiliste.

Av Ola Matti Mathisen